

Til Radøy kommune

v/Bente Kopperdal Hervik

5936 Manger

Frå Manger IL

v/Atle Vaage

5936 Manger

Manger 06.03.2017

Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning bocciabane Grønålen

Manger IL søker ved dette om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planlagt bocciabane i Grønålen.

Anlegget vil bli finansiert ved bruk av egenkapital og lån, samt tilskot frå BKK. Det vil bli søkt spelemidlar for nærmiljøanlegg for søknadsåret 2018.

Merk at gapahuk som er nemnt i kostnadsoverslag, ikkje er ein del av sjølve anlegget laget søker godkjenning for, då regelverket ikkje tillet takoverbygg.

Den oransje markeringa på skissa attmed gapahuken er den gamle lastebilhengaren som har stått i Grønålen i ei årrekke. Denne vil bli fjerna av idrettslaget som del av prosjektet med bocciabane.

Laget ønskjer å starta grunnarbeidet så fort som mogleg, og har avtale med entreprenør som kan byrja innan få dagar. Vi håpar difor på rask handsaming av søknaden

Mvh for Manger IL

Atle Vaage

Vedlegg:

Skisse planert område med baner og gapahuk og planskisse standard bocciabane

Kostnadsoverslag og plan for drift

Skildring av behov